

IN 7/19 Interpellasjon i kommunestyret 12.06.2019 – Vi må forsvare trafikkstasjonen vår! – fra Erling Outzen, SV

Behandling i Kommunestyret - 12.06.2019

Representanten Erling Outzen, Sosialistisk Venstreparti, la fram følgende interpellasjon i møtet:
«INTERPELLASJON til kommunestyremøtet 12. juni 2019

Vi må forsvare trafikkstasjonen vår!

Bunadsgeriljaen har blitt ei masserørsle i protest mot sentralisering av fødeavdelingane. Det er veldig bra. Men sentraliseringa skjer også på mange andre område. No er det trafikkstasjonen det gjeld her.

Alt no er det til dels lang ventetid for å få tatt førarkort mange plassar. Med den foreslåtte sentraliseringa vil den bli enda lenger. Og tenk på kva kostnad i både tid og pengar det blir for dei som må fare langt for å ta «lappen».

Eg budde sju år i Bergen. Hadde ikkje bil, trong det heller ikkje. Det gjekk bussar minst kvart kvartér. Men når ein bur i distrikta er ein avhengig av bil. Folk som jobbar på Sunndalsøra, og bur for eksempel på Gjøra, eller i Ålvundfjord eller på Eidsøra – dei må ha bil. Og dei må ha førarkort. Ungdom som søker jobbar må oftast ha førarkort – det er eit krav i mange jobbar, og det er nødvendig for å komme seg til og frå jobb. Må dei vente i månadsvis for å kunne ta «lappen», og fare langt av stad for å kunne gjere det – kanskje meir enn éin gong, er det som å ta krokfot på dei i starten av arbeidslivet deira. Kor samfunnsøkonomisk er det?

Har konsulentar og byråkratar tenkt på dette? Ser ikkje slik ut. Dei har andre «føringar», ser det ut til. Vil regjeringa og stortingsfleirtalet tenke på dette? Eg tvilar, når ein ser på den sentraliseringspolitikken dei driv på alle område. Men no må vi seie klart ifrå at NOK ER NOK. Vi godtar rett og slett ikkje dette. Vi må protestere, så hardt og skarpt vi kan. Eg reknar med at ordførar Refstie er einig med meg i dette, og inviterer han og kommunestyret til å vere med på å gjere slikt vedtak:

Sunndal kommunestyre protesterer på det skarpaste mot forslaget om å legge ned trafikkstasjonen på Sunndalsøra. Vi krev at regjering og storting avviser forslaget om sentralisering av trafikkstasjonane. Vi krev at dette landet igjen skal ha ein distriktspolitikk. Vi krev at det skal vere muleg å ta førarprøver på Sunndalsøra også i framtida.

Erling Outzen (SV)»

Ordfører Ståle Refstie la fram følgende svar på interpellasjonen fra Erling Outzen:

«Svar til Erling Outzen på interpellasjon IN 7/19:

Vi må forsvare trafikkstasjonen vår!

I en interpellasjon inviterer Erling Outzen kommunestyret til å si klart ifra om at nok er nok ved å fatte et slikt vedtak:

Sunndal kommunestyre protesterer på det skarpaste mot forslaget om å legge ned trafikkstasjonen på Sunndalsøra. Vi krev at regjering og storting avviser forslaget om sentralisering av trafikkstasjonane. Vi krev at dette landet igjen skal ha ein distriktspolitikk. Vi krev at det skal vere muleg å ta førarprøver på Sunndalsøra også i framtida.

Som Erling Outzen også sier, støtter jeg dette budskapet helhjertet. Den 27. mars i år sa kommunestyret tydelig ifra om at Sunndalsøra trafikkstasjon og de tilbudene den gir er høyst nødvendig for folk og næringsliv på indre Nordmøre. Dette så Vegdirektoratet bort ifra i sin innstilling til Samferdselsdepartementet om ny organisering av Trafikkant og kjøretøyområdet i Statens vegvesen.

Da forslaget om nedlegging av Sunndalsøra trafikkstasjon ble kjent, skrev Fremskrittspartiets gruppeleder Stig Rune Andreassen og jeg et felles brev til Samferdselsministeren, hvor vi blant annet sier at:

«Dette finner vi uakseptabelt. Vi forventer nå at statsråden og departementet bruker godt skjønn, og velger å opprettholde Sunndalsøra trafikkstasjon i den endelige omorganiseringen av Statens vegvesen. I dette kravet har vi folket og næringslivet på indre Nordmøre med oss.»

Jeg anbefaler derfor kommunestyret å støtte forslaget fra Erling Outzen, og at vedtaket oversendes Samferdselsministeren.»

Forslaget til vedtak i interpellasjonen fra Erling Outzen ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Sunndal kommunestyre protesterer på det skarpaste mot forslaget om å legge ned trafikkstasjonen på Sunndalsøra. Vi krev at regjering og storting avviser forslaget om sentralisering av trafikkstasjonane. Vi krev at dette landet igjen skal ha ein distriktspolitikk. Vi krev at det skal vere muleg å ta førarprøver på Sunndalsøra også i framtida.

Rett utskrift 21.06.2019:

Brit Helene Resell
utvalgssekretær